


# Den fyrste song

av Edvard Hoem



«Teatret Vårt»

# Mennesket på pilegrimsferd

Teatret Vårt legg ut på den lengste turneen vi nokon gong har gjennomført - og i framsyninga lyder ei rekke kjende salmar og songar - men kva er det i grunnen vi vil fortelja?



Vi prøver å fortelja ei gammal historie om menneskelivet, som den religiøse litteraturen har oppfatta som ei pilegrimsreise der målet ikkje er noko mindre enn Den Himmelske Stad. I vår versjon er det Eva som er hovudpersonen, ei moderne kvinne som har eit voldsomt behov for å bli forstått og sett, og som drøymer om ein karriere som stjerne. Adam er ein omreisande sjømann og soldat som har vore med på det meste. Begge er tidlause figurar, sjølv om kostyma og uttrykket er frå vårt hundreår. Ferda deira går frå Forderving Bar via Fåfengds Marknad og Stråleglansens Tinde like fram til himmelparten.

Ein figur som kallar seg Verdensvant hjelper Eva på vegen, og mange underlege personar dukkar opp undervegs, ikkje minst fra Hovmodig, herr Grådig og frøken Trulaus.

Middelalderen elska slike forteljingar, der menneskelege dårskapar står fram som personar av kjøt og blod. John Bunyans bok "Pilegrims vandring" er ei av dei mest lesne bøker gjennom alle tider. Den er viktigaste inspirasjonskjelde for dette stykket.

Vi lar ei rekke lokale folketonar følgje historia. Somme av salmane har pilegrimsmotiv: Den store hvite flokk, Med Jesus vil eg fara. Men framfor alt er melodiar utan kjend opphavsmann, skapt av pilegrimar lenge før oss, verdifulle nok til å bli tonefølgje for mange av våre finaste salmar. Det er rart å tenke på at melodien til vår sluttong, ein folketone frå Grip, lyder frå eit fiskevær som no er forlate av alle.

Til slutt spør mange: Kva er den fyrste song. anna enn ein song av Per Sivle?

For meg er det enkelt: Det er songen av vinden i Edens hage. Det er songen på Betlehemsmarkene. Det er songen om mennesket som lengtar etter å forstå sin plass i tilværet og den evige samanheng.

Edvard Hoem



# **Den fyrste song**

- 1. Lokale innslag**
- 2. Herre Gud ditt dyre navn og ære**
- 3. Creation - orgelstykke av Henning Sommerro  
Skapingsforteljinga**
- 4. Freistainga**
- 5. Utdrivinga av Paradiset**
- 6. Verdensvant inviterer Eva til ei reise**
- 7. Skal eg elske deg (When i fall in love)  
(Tekst: Edvard Heyman, mel. Victor Young)**
- 8. Den fyrste song  
(tekst: Per Sivle, mel. Lars Søraas)**
- 9. Gud, du som nærer alt liv ved ditt ord  
(Lord of all hopefulness, eng. tekst av Mary  
Byrne til irsk melodi fra 600-talet, norsk  
gjendikting Edvard Hoem)**
- 10. Fåfengds marknad**
- 11. La humlene suse (Hoem/Tveit)**
- 12. Når kjærleik døyr, går allting i stå  
(When love goes wrong, nothing goes right)  
(Tekst Harold Adamsen, mel. Hoagy  
Carmichael)**

13. Kven veit vel om den urett eg leid?  
(Nobody knows)  
(Spiritual)
14. Forbetringsfengslet.
15. Kveldssalme (Hoem/ Tveit 1993)
16. Coronation - orgelstykke  
av Henning Sommerro.
17. Seinsommarmåne (Hoem/Tveit)
18. Grådigs draum om frøken Yndig  
(Hoem/Tveit)
19. Med Jesus vil eg fara  
(Elias Blix, folketone frå Sunnmøre)
20. Den store hvite flokk å se  
tekst H.A. Brorson (1775),  
folketone frå Ørsta.
21. Maria møy på Grip  
(tekst Edvard Hoem (1999), folketone frå  
Grip)
22. Eventuelt ved utgang, kyrkjelyd og kor:  
Når heile verda syng mot Gud  
(Hoem/Sommerro 1993)

*Den musikken i stykket som ikkje er spesifisert,  
er skriven av Sigvald Tveit.*



# Kven veit vel om (Nobody knows)

*Kven veit vel om den urett eg leid?*

*kven veit vel om mi pine?*

*Kven veit vel om dei såra som sveid?*

*Høyr mitt halleluja!*

*Ein dag er mørk, ein annan mild*

*- Å, min Gud!*

*Ein dag er hjartet tungt av tvil*

*- Å, min Gud!*

*Eg vil at du skal vera nær.*

*- Å, min Gud!*

*Om ingen ser den sorg eg ber.*

*- Å, min Gud!*

*Eg gløymer aldri på min veg*

*- Å, min Gud!*

*At Jesus tok mi synd på seg.*

*Å, min Gud!*

*Kven veit vel om den urett eg leid?*

*Kven veit vel om mi pine?*

*Kven veit vel om dei såra som sveid?*

*Høyr mitt halleluja!*

*Omsetjing Edvard Hoem*

# Maria møy på Grip

På nakne holmar langt av land,  
i storm og bølgjer sus.

Der står ei mor med barn på arm  
og bed i Herrens hus.

Marias sorg skal ingen sjå  
den lange vinternatt.

Når siste båten skuvar frå  
står ho aleine att.

Marias glede tennest snart  
ved vårens første skip.  
Sjå, stjernehimlen lyser klart!  
Maria møy på Grip.

Slik barn, når leiken stilnar av  
spring heim til moders famn,  
slik styrer sjømenn heim frå hav  
og finn den trygge hamn.

Mot aude berg står sprut av skum,  
bak vinter ventar vår.  
Sjå, lyset stig i himlens rom,  
og hjartet slår og slår.

# Herre Gud dit dyre navn og ære

*Herre Gud, dit dyre Navn og Ære!  
Over verden høit i Savn maa være.  
Og alle Siæle, og alle Trælle,  
Og hver Geselle de skal fortælle din Ære!*

*Det er smugt og kosteligt at høre,  
At man Gud sin' Læbers pligt mon giøre,  
De dyb' Afgrunder, De grønne Lunder,  
Skal Herrens vunder Hver Tid og Stunder udføre!*

*Ja, før Gud sin Ære skal forlise,  
Før skal Hav og grummen Hval ham prise,  
Samt og Tanteyen, som løber Leyen  
Steenbid og Skreyen og Torsk og Seyen og Nise.*

*Gud er Gud, om alle Land laa øde,  
Gud er Gud, om alle Mand var døde.  
Om Folk forsvimler i Herrens Himler,  
Utallig svimler som står paa cimler hin Søde!*

*Høyen Hal og dyben Dal skal vige,  
Jord og Himmel falle skal, tillige!  
Hvert Bierg og Tinde skal slet forsvinde,  
Men Herrens Mindre til tusind sinde Guds rige.*

## Lokale aktørar, publikum:

I opphavet skapte Gud himmelen og jorda. Jorda var aud og tom, og mørker låg over havdjupet, men Guds Ande sveiv over vatna. Då sa Gud: "Det verte ljos!" Så vart det ljos. Og Gud såg at ljoiset var godt, og han skilde ljoiset frå mørkret. Gud kalla ljoiset dag, og mørkret kalla han natt.

### TENOR:

Og det vart kveld og det vart morgen, fyrste dagen.

## Lokale aktørar, publikum:

Då sa Gud: "Det skal verta ein kvelv midt i vatnet, han skal skilja vatn frå vatn!" Og det vart så. Så gjorde Gud himmelkvelven og skilde vatnet som er under kvelven, frå vatnet som er over han. Gud kalla kvelven himmel.

### TENOR:

Og det vart kveld og det vart morgen andre dagen.

## Lokale aktørar, publikum:

Då sa Gud: "Vatnet under himmelen skal samla seg på ein stad, så det faste landet kjem til synes!" Og det vart så. Gud kalla det faste landet jord og det vatnet som hadde samla seg, kalla han hav. Og Gud såg at det var godt.

Då sa Gud: "Jorda skal la grøne vokstrar gro fram, planter som set frø, og tre som ber alle slag frukt med frø i, på jorda!" Og det vart så. Jorda bar fram grøne vokstrar, planter som set frø, kvar etter sitt slag, og tre som ber frukt med frø i, kvart etter sitt slag. Og Gud såg at det var godt.

**TENOR:**

Og det vart kveld og det vart morgen, tredje  
dagen.

**Lokale aktørar, publikum:**

Då sa Gud: "Det skal verta ljós på himmelkvelven. Dei skal skilja mellom dag og natt og vera merke på høgtider, dagar og år. Dei skal skina på kvelven og lysa utover jorda". Og det vart så. Gud skapte dei to store ljosa, det største til å råda om dagen og det minste til å råda om natta, og stjernene. Gud sette dei på himmelkvelven til å lysa ut over jorda, til å råda om dagen og natta og til å skilja ljuset frå mørkret. Og Gud såg at det var godt.

**TENOR:**

Og det vart kveld, og det vart morgen, fjerde  
dagen.

**Lokale aktørar, publikum:**

Då sa Gud: "Det skal yrja med liv i vatnet, og fuglar skal flyga over jorda, oppunder himmelkvelven."

Så skapte Gud dei store sjødyra og alt liv som det yr og kryr av i vatnet, kvart etter sitt slag, og alle dyr som har venger til å flyga med, kvart etter sitt slag. Og Gud såg det var godt. Han velsigna dei og sa: "De skal veksa og aukast og fylla vatnet i havet, og fuglane skal aukast på jorda".

**TENOR:**

Og det vart kveld, og det vart morgen, femte  
dagen.

## Lokale aktørar, publikum:

Då sa Gud: "Jorda skal la alle slag levande skapningar gå fram, fe, krypdyr og villdyr, kvar etter sitt slag". Og det vart så. Gud skapte alle slag ville dyr og alle slag fe og krypet på marka av alle slag. Og Gud såg at det var godt.

Då sa Gud: "Lat oss skapa menneske i vårt biletet, i vår likning!"

Dei skal råda over fiskane i havet og fuglane under himmelen, over feet og alle villdyra og alt krypet som krælar på jorda" Så skapte Gud mennesket i sitt biletet, i Guds biletet skapte han det, til mann og kvinne skapte han dei.

## TENOR:

Og det vart kveld og det vart morgen sjette dagen.

Kalla kvelden himmelen.

## Bokmåltekst:

### Lokale aktører og publikum:

I begynnelsen skapte Gud himmelen og jorden.

Jorden var øde og tom, og mørke lå over havdypet. Men Guds Ånd svevet over vannet. Da sa Gud: "Det bli lys". Og det ble lys. Gud så at lyset var godt, og han skilte lyset fra mørket. Gud kalte lyset dag og mørket kalte han natt.

**TENOR: (som nynorsk)**  
**Lokale aktører og publikum:**

Gud sa: "Det skal bli en hvelving midt i vannet, og den skal skille vann fra vann!" Og det ble slik. Gud gjorde himmelhvelvingen og skilte vannet som er under hvelvingen fra vannet som er over den. Gud kalte hvelvingen himmel.

**TENOR: (som nynorsk)**  
**Lokale aktører og publikum:**

Gud sa: "Vannet under himmelen skal samle seg på ette sted, så det faste land kommer til synet!" Og det ble slik. Gud kalte det faste land for jord, og vannmassene kalte han hav. Og Gud så at det var godt.

Da sa Gud: "Jorden skal la grønne vekster gro fram, planter som setter frø og trær som bærer alle slags frukt med frø i, på jorden!" Og det ble slik. Jorden bar fram grønne vekster, planter som setter frø og trær som bærer frukt med frø i, hvert etter sitt slag. Og Gud så at det var godt.

**TENOR: (som nynorsk)**  
**Lokale aktører og publikum:**

Gud sa: "Det skal bli lys på himmelhvelvingen. De skal skille mellom dag og natt og være merker som fastsetter høytider, dager og år.

De skal skinne på hvelvingen og lyse utover jorden": Og det ble slik.

Gud skapte de to store lysene, det største til å råde om dagen og det minste til å råde om natten, og stjernene. Gud satte dem på himmelhvelvingen til å lyse utover jorden, til å råde om dagen og natten og til å skille lyset fra mørket. Og Gud så at det var godt.

TENOR: (som nynorsk)

Lokale aktører og publikum:

Gud sa: "I vannet skal det myldre av liv, og fugler skal fly over jorden, under himmelhvelvingen!"

Og Gud skapte de store sjødyrene og alt liv som det yrer og kryr av i vannet, hvert etter slitt slag, og alle dyr som har vinger til å fly med, hvert etter sitt slag. Og Gud så at det var godt. Han velsignet dem og sa: "Dere skal være fruktbare og formere dere og fylle vennet i havet, og fuglene skal formere seg på jorden!

TENOR: (som nynorsk)

Lokale aktører og publikum:

Gud sa: "Jorden skal la alle slags levende skapninger gå fram, fe, kryp og ville dyr, hvert etter sitt slag." Og det ble slik. Gud skapte alle slags ville dyr og alle slags fe og krypet på marken av alle slag. Og Gud så at det var godt.

Da sa Gud: "La oss skape mennesket ivårt bilde, som et avbilde av oss! De skal råde over fiskene i havet og fuglene under himnmelen, over feet og alle ville dyr og krypet som det kryr av på jorden." Og Gud skapte mennesket i sitt bilde, i Guds bilde skapte han dem, til mann og kvinne skapte han dem".

# Takk til lokale kor og lokale utøvarar

Arbeidet med kontakten ut i kommunane starta allereie seinvinteren 1999.

Bestilling av kyrkjene og lokale kor og aktørar har vore ein lang prosess.

Det er med glede vi no opplever at interessa for deltaking er stor dei 38 kommunane i Fylket vårt. Vi skal og gjeste Lesja kommune i Oppland Fylke. Vi gleder oss til å samarbeidet i din kommune i di kyrkje.

For ensemblet frå Teatret Vårt blir dette nesten som ei ny premiere på kvar plass.

Takk for samarbeidet

Helsing

Mette Mjelvæ

Marknadsleiar/prosjektleiar



# Skal eg elske deg (When I fall in love)

*Skal eg elske deg,*

*må det bli for alltid,*

*elles må det aldri skje!*

*I ei fredlaus verd som denne*

*sloknar kjærleiken før han er tent*

*og eit kyss i måneskinet,*

*kjølnar av før ein soldag er endt!*

*Skal eg elske deg*

*må det bli fullstendig*


*utan blir min lengsel kald -*

*Og den dagen eg kan kjenne*

*ein eld frå deg,*

*er dagen du får heile meg*

*Omsetjing Edvard Hoem*



# **Den fyrste song**

Eller: Evas pilegrimsferd

Eit mysteriespel av Edvard Hoem

Musikk:

**Sigvald Tveit**

Regi og bearbeiding: **Daniel Bohr**

Musikalsk ansvarleg: **Sigvald Tveit**

Scenografi:

**Arne Nøst**

Koreografi:

**Johanna Zwaig**

Roller:

Eva, eller

frøken Yndig

**Ane Dahl Torp**

Adam, eller Farmann

**Christian Greger**

Verdensvant

**Thomas Ruud**

Fru Hovmodig

**Ingeborg Hungnes**

Frøken Trulaus

**Johanna Zwaig**

Herr Grådig

**Christian Greger**

Tenor

**Thomas Ruud**

Sopran

**Ingeborg Hungnes**

Orkester:

Orgel, synth

**Christine Goedecke/  
Erling With Aasgård**

Perkusjon

**Lars Sitter/**

**Stian Rødskjær Hansen**

Saksofon

**Tor Yttredal/**

**Bjørn Ole Solberg**




Kostyme-  
gjenbruk  
og -design:  
Lokal  
intruktør:

Åshild Mjåseth og Gerd G. Austnes

Inspisient:  
Dekorasjon:  
Scenemeister:  
Lys:  
Prosjektleiar:  
Programred:  
Foto:  
Plakat:

Eldrid Karin Larsen  
Bjørn Kalvatsvik  
Leif Rosvoll og Mathias Hammerø  
Bergliot Rørvik og Mathias Hammerø  
Sture Haugen og Finn Landsperg  
Mette Mjelv  
Rolf-Inge Pedersen  
Arne Strømme  
Arne Nøst/EKH trykk

Dekor, kostyme og rekvisita er produserte i teatret sine verkstader. Bileta i programmet er frå prøvene. Fotografering og lydopptak er ikkje tillate under framsyninga. Ver vennleg å slå av mobiltelefonar. Framsyninga varer i 1 1/2 time utan pause.



er fylkes største leverandør av komplette arrangementstekniske tenester, og har levert lydsystem samt teknisk personell til Den fyrste song.

# Når heile verda syng mot Gud

Når heile verda syng mot Gud, da gryr den nye dag.  
Vi møter morgenon i lag, vi stig av søvnen ut.  
Dei mørke vatna opnar seg der Herrens Ande sviv.  
På Herrens ord kjem lys og liv.  
Halleluja, Halleluja, halleluja.

Høyr vatnet renn med torelyd og regnet fell og fell.  
Ein foss kjem brusande frå fjell, og havsens bølgjer bryt.  
Ein kvelving stig, der skyer driv,  
før andre skapingsdag  
finn kveld der lange skuggar kliv.  
Halleluja, halleluja, halleluja.

Når heile verda syng mot Gud, set nye vokstrar frø,  
og kornet veks med smak av brød,  
og nektar renn frå sky.  
Ti tusen slag ber grøde fram,  
no mognar frukt og bær.  
Det er den tredje skapingsdag!  
Halleluja, halleluja, halleluja!

Den fjerde dag, den fjerde dag  
skyt lyn i mørke rom,  
og soler flyt på skyers skum  
for Herrens andedrag.  
Ein måne glid frå rand til rand  
og stjerner brenn og skjelv  
i kulden frå den tomme kvelv.  
Halleluja, halleluja, halleluja!

*Da stig det fisk der havbrot ryk  
og kval med sporden slår.  
Og fisk på store venger fyk  
dit dagens grenser går.  
Dei svevar over hav og jord,  
dei skrik og parrar seg!  
Det er den femte skapingsdag!  
Halleluja, halleluja, halleluja!*

*Ein skugge flyktar gjennom skog  
og villdyr skifter ham.  
Da stig ei kvinne og ein mann  
i Herrens likning fram.  
Og mannen leitar og finn svar  
i hennar andletsdrag.  
Det er den sjette skapingsdag!  
Halleluja, halleluja, hallluja!*

*Og mennesket skal sjå seg sjølv  
blant alle skapte slag  
Og Herren ser sitt store verk  
og held ein kviledag.  
Når mennesket er skapt på ny  
stig jubelen mot sky!  
Og heile verda syng mot Gud!  
Halleluja, halleluja, halleluja!*



## Ane Dahl Torp

Tok eksamen på Statens Teaterhøgskule i 1999, og debuterer som skodespelar på Teatret Vårt i rolla som Eva, eller frøken Yndig.



## Christian Greger

Skodespelarutdanna frå England. Har arbeidd som freelance der og her de siste fire åra.



## Johanna Zwaig

Har skodespelarutdanning frå Ecole Jacques Lecog i Paris og flamencoutdanning fra Paris, Spania og Oslo. Sidan 10-årsalderen har ho hatt profesjonelle oppdrag på store og små scenar.



## Ingeborg Hungnes

songutdanna frå Noregs Musikkhøgskole. Har arbeidd ved Teatret Vårt, Riksteatret, Det Norske Teatret og andre scenar i Oslo. Fleire songoppgåver med vekt på oratorium og kyrkjemusikalske verk.



## Thomas Ruud

er utdanna ved Statens Operahøgskole og i utlandet. Ruud har dei seinare åra hatt ei rad leiande roller i operaframstykkingar både i Noreg og i utlandet.



## Daniel Bohr


er fødd i Argentina og utdanna i Chile og i Madrid. Han har bakgrunn som instruktør, lærar i dramatikk, kunstnerisk leiar og teatersjef ulike plassar i Europa. Daniel har og vore direktør og kunstnerisk leiar av Festspillene i Bergen.



## Sigvald Tveit

er førsteamanuensis ved UiO. Han har i ei årrekke vore arrangør og komponist for fleire plateselskap og for mange fjernynsseriar. Han har òg skreve ei rekke kyrkjespel, mellom andre to tidlegare saman med Edvard Hoem.





Depotbiblioteket



00sd 24 872

